

Kyrkjelydsblad for Hå

Nr. 3-2024 17/8 2024 – 29/11 2024

Årgang 56

www.hakyrkja.no

- Besøk i Varhaug kyrkjes vennskapsmenighet, Kalinji, i Bangladesh.
- ANAFORA - eit kraftsenter for kristne i Egypt
- Frå makt til rett - Kristenretten og Mostertinget i 1024.
- Markensgudsteneste
- Invitasjon til trusopplæring

DU SKAL FÅ EN DAG IMÅRÅ

Jeg husker en av mine første begravelser jeg hadde som prest. Jeg var student, og hadde stiftspraksis på et lite sted utenfor Gjøvik. Jeg var ikke veldig bevandret i den lokale kulturen, men skjønte fort at jeg befant meg i tjukkeste Prøysen-land. Familien hadde et ønske om å ha en solist som skulle synge Alf Prøysen sin sang «Du skal få en dag imårå».

Min første tanke var at det var en litt interessant sang å synge, anledningen tatt i betraktning. Den avdøde var jo ganske død, og ville ikke få en ny dag imårå ... Jeg valgte å ikke diskutere de første tankene som slo meg, og sa at det gikk fint å ha sangen som solo. Jeg la ikke merke til at noen stusset over sangen i selve begravelsen. Kanskje ikke så rart, med tanke på hvor vi befant oss.

I ettertid har jeg tenkt at til tross for det litt komiske i å synge en slik sang når man er samlet til begravelse, så er det jo faktisk et himmel-håp i det. Den kristne tro handler jo om nettopp at vi får lov å starte på nytt, hele tiden. En ting er når vi lever. Da får vi komme til Gud med alt det vi ikke får til. Han tilgir, og sier at vi får nye sjanser. Og så er det i møte med døden. Det kristne håpet er knyttet til Jesus som tok på seg all verdens synd og skyld, og med han får vi ta del i oppstandelsen. Vi skal ikke bare få en dag, men et helt liv i evigheten. Det er svære greier, og ikke så enkelt å fatte med mitt lille hode, synes jeg. Men jeg får lov å tro på det.

BLANKE ARK

Da jeg var barn husker jeg alltid august som en spennende tid. Det var nytt skoleår. Den lange sommerferien gjorde at det var en viss forventning knyttet til det å treffe klassen igjen på sensommeren. Hva ville høsten og skoleåret bringe? Jeg husker spenningen de første dagene etter skolestart raskt ble erstattet med den daglige tralten, hvor hverdagene kom som perler på en snor. Det gikk ikke så mange ukene før man savnet livet slik det var i sommerferien..

Vi mennesker er merkelige sånn, vi har en tendens til å lengte enten fremover eller bakover. Det er en oppbrukt floskel, men den må gjentas: **Grip dagen!** Den dagen du har fått i dag, har du fått i gave. Mange ting er det lett å ta for gitt, helt til man mister det. Det kan være helsa, en venn eller et familiemedlem, en jobb, en drøm? Høsten er på mange måter en ny start, med blanke ark. Hva ønsker du å fylle dine ark med? Jeg håper denne høsten byr på mange gode dager for deg og dine. I menighetene våre starter aktivitetene opp igjen i disse dager, og vi har et ønske om å være et felleskap der du kan komme og både bidra og ta imot. Foran det ukjente som ligger foran, er det godt å ta med ordet fra Jeremia 29, 11: **For jeg vet hvilke tanker jeg har med dere, sier Herren, fredstanker og ikke ulykkestanker.**

God høst med blanke ark!

INNHALD



2
ANDAKT



4
FRA KIRKEVERGENS SKRIVEBORD



6 - 9
VENNSKAPSMENIGHET, BANGLADESH



10 - 12
ANFORA, EGYPT



13
VÅRE FORFULGTE SØSKEN



14 - 15
MOSTERTINGET



16
MARKENGUDSTENESTE



17
INVITASJON TIL TRUSOPPLÆRING



18 - 24
OPPSTART AKTIVTETAR



25
BARNAS SIDE



26 - 27
DØYPTE, DØDE, VIGSEL, MØTER



31
KONTAKTINFORMASJON



32
GUDSTENESTER

Foto framsida: Mange flotte bibelske motiv i oppstandelseskyrkja - Siri Aarsland



DEN NORSKE KYRKJA
Hå kyrkjelege fellesråd

LEIAR

Se og lev

Dette er et hovedsbudskap i den kristne troen. Dette er også hovedbudskapet som kirken i Hå ønsker å få formidle ut.

I dette bladet ser du en oversikt over mange ulike tiltak, for både barn og voksne, der dette blir formidlet. Du finner babysang, dans og drama, ungdomsklubb, speider, konfirmatarbeid, gudstjenester m.m. Kanskje her var noe som kunne falle i smak hos deg også?

Vårt ønske er at mange måtte få se Jesus. At de måtte få møte Jesus gjennom de ulike tiltakene.

Døperen Johannes stod ved Jordan elvens bredd og løftet blikket og pekte bortover og brøt ut: «Se, Guds lam, som bærer bort verdens synd!» Joh. 1.29. Det er dette vi ønsker å formidle. Jesus som bar all verdens synd. Jesus som frelseren!

Svein Olav Nesse

Har du idear eller ynskje til innhald i kyrkjelydsbladet?

Send ein e-post til: post@hakyrkja.no

KYRKJELYDSBLADET FOR HÅ

Utgjevar: Sokneråda i Nærbø, Varhaug og Ogna

Adresse: Kyrkjelydsblad for Hå, Ånestadsvegen 12, 4360 Varhaug

Redaktør: Kyrkjevevja i Hå (redaktør) tlf.: 51 43 62 10

Mottak av stoff: e-post: post@hakyrkja.no

Layout/trykk: Jærprint

Bladet vert sendt fritt til alle husstandane i Hå kommune.
Gåver kan betalast til konto: 3335.05.21483



FRA KIRKEVERGENS SKRIVEBORD

Tekst: Svein Olav Nesse

NYE MEDARBEIDERE:

Ingeborg Løge Hølland er ansatt som vikar i Stokkalandsmarka. Ingeborg skal ha ansvaret for babysang og småbarnssang dette har hun hatt ansvar fra siden april. Ingeborg vil nå fra høsten av ha ansvar for Speidergruppen fra 2-3 klasse.

Vi er glade for at Ingeborg har tatt imot utfordringen og ønsker henne velkommen inn i medarbeiderfellesskapet.

Ny Daglig leder i Nærbø er Brage Martin Norbakken. Han har takket ja, og starter opp den 20. august.

Han bor f.t. på Sandnes og er 23. år. Han har studert både ledelse og Teologi og har akkurat levert bachelor oppgave om rollen som daglig ledelse i menighet.

Han er aktiv i fotballen, som dommer og har vært medlem i Gand menighetsråd forrige periode. Han har siste par årene hatt en deltidsstilling i KRIK, kombinert med studier.

Vi er glade for at Brage Martin har takket ja og vi ønsker ham velkommen inn i medarbeiderfellesskapet.

NYE KONFIRMANTMEDARBEIDERE:

I Nærbø kyrkje, så blir Benjamin Jonasmo med som leder i konfirmantarbeidet, i tillegg til ungdomsprest og kateket.

Trond Stokka er i tillegg engasjert som ungdomsarbeider i menigheten.

I Varhaug er Sigve Kydland engasjert i ett år. Sigve har også siste året vært med som konfirmantmedarbeider.

Velkommen inn i oppgavene.

VISJON FOR VARHAUG SOKN

Varhaug sokneråd har over lenger tid ikkje arbeida målretta med strategi og visjonsarbeid.

Soknet sin visjon har vore I Kristus, nær livet -ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje. Visjonen har vore den same sidan 2008, så det var på høg tid å arbeida med fornying av visjonen i soknet. Dette påpeika og soknemøtet som var i april.

Varhaug sokneråd vedtok i møtet 17. april at visjonen for soknet no skal være Himmel over livet.

Gjennom arbeidet som skjer i regi av Varhaug sokn vil ein bidra til å gje ein himmel over livet.

Himmelen er like nær som den er fjern. Den er alltid der og vil alltid være der, uansett kven me er og kor me er – ung som gammal. Den er der når du står opp, og når du legg deg. Når livet byrjar og når livet ender. Me kan alltid sjå den, uansett kor i verda me er. Den omslutter heile verda og alt som lever.

Himmelen er der i fred som i krig – for den rike og den fattige – for den som synes livet er lett og for den som strever med sitt eige liv – for den som har mange rundt seg og for den som er åleine. Himmelen kan liknast med Gud. Liva våre er omslutta av ein Gud som er større enn oss sjølv, som er heilt nært, men likevel uendeleg og uforståeleg stor. Han rommer alt – frå den største glede til den største sorg.

Me vender oss opp mot Gud, mot han som er større enn oss. Me vender oss mot Gud som er heilt nær oss, ja i oss. Og i trua på den Gud, Jesus og Den heilage Ande har me eit mål – ein ny himmel og ei ny jord – trua på oppstandelsen og eit nytt liv kor alle som trur skal få være saman med Gud for alltid.

Jæren



kammerkor

øver hver tirsdag på Bø skule (Nærbø)

kl. 19.00-21.00

Første øvelse er 27.august - VELKOMMEN!

Se vår facebookside eller www.jaerkor.no for mer informasjon



VI GÅR FOR FELLESSKAP 2024

OPPMØTE PÅ OGNA CAMPING
SØNDAG 22. SEPTEMBER KL. 14-17



Kia

ET ARRANGEMENT FOR ALLE,
I SAMARBEID MED ULIKE MENIGHETER I ROGALAND.
RAKEL.BERNTZEN@KIANORGE.NO | TLF: 458 70 312

BIDRA TIL VERDIGHET FOR INNSATTE PÅ ÅNA FENGSEL

- Når innsatte blir løslatt tar de med seg alle sine eiendeler, men mange innsatte har ikke noen bag eller koffert å ha sine eiendeler i.
- Nå får de alt sitt i en gjennomiktig søppelsekk.
- Dette er uverdigg og stigmatiserende for den enkelte når de enten står utenfor fengslet eller på togstasjonen.
- En bag koster 250 kr
- Du kan vippse til 127324 velg: bag til Åna fengsel
- Nærbø diakoniutval

BESØK I VARHAUG KYRKJES VENNSKAPSMENIGHET, KALINJI, I BANGLADESH

Tekst og foto: Gaute Øgreid Rasmussen



*Over jungel-bru på vei til
Kalinji i trehjuls-scooter.*



Mottakelseskomiteen der kjøreveien vår sluttet. Like utenfor Kalinji landsbyen.

Varhaug menighet har to vennskapsmenigheter.

Den ene ligger på Madagaskar og heter Fandriane. Den anden vennskapsmenigheten ligger i Bangladesh og heter Kalinji.

Det er lørdag 17. februar 2024. En trehjuls scooter humper avgårde på dårlig vei. Om bord i dette motorkjøretøyet sitter Solvor og Gaute Øgreid Rasmussen. De er på vei til khasilandsbyen Kalinji. Kalinji er en av Varhaug kyrkjes vennskapsmenigheter. I hver søndagsgudstjeneste i Varhaug kirke ber vi for menigheten i Kalinji langt der i sør-øst Asia, - og i Kalinji ber de på sin gudstjeneste hver søndag for Varhaug menighet langt mot nord-vest.

Kjøredoningen vi sitter i har ikke dører, så vi må holde oss fast i svingene så vi ikke faller ut. Sjåføren synes det er kaldt nå om morgenen før sola har fått varmet skikkelig opp. Han har sjerf over hode og ører, - og tuter på gjeiter og høner som forville seg ut i veien.

Veien går langs med rismarker og gjennom markeds plasser. Rismarkene er tørre og støvete nå. De venter på regn. Det har ikke regnet siden slutten oktober. Det blir ikke regn i dag heller. Himmelen er blå, og det er ikke en sky å se.

Vi stopper på en markedsplass. Jeg går inn i en butikk for å kjøpe noen pakker kjeks. Det er ikke dør inn til butikken, bare en åpning. Handelsmannen gjør store øyne når han ser en hvit mann i sin butikk. Og øynene blir enda større når han hører den hvite mannen spør etter kjeks på det lokale språket. Kjøpmannen smiler og spør når jeg kom til Bangladesh. «For en uke siden» svarer jeg. «Og så snakker du allerede bengali? Hvor har du lært det?» «Det lærte jeg for 40 år siden da jeg bodde her i Bangladesh» svarer jeg. Han smiler og sier at kjekspakkene koster 145 taka. Jeg finner fram penge-sedlene og betaler. «Hvor skal du?» spør han. «Jeg skal besøke en Khasilandsby som heter Kalinji. Har du hørt om den?» «Nei», svarer kjøpmannen. «Bor ikke khasiene langt inne i jungelen?» fortsetter han. «Jo, det gjør de», svarer jeg og putter kjekspakkene ned i ryggsekken min. «Da må du ha en god dag», sier jeg på hans språk og han smiler tilbake.

Veien blir dårligere etter hvert som kjøredoningen vår fjerner seg fra hovedveien. Det er slutt på asfalten, nå er det jordvei som gjelder. Støvsyken er stor bak oss. En ansiktsmaske fra Koronatiden kommer godt med.



Inn mot landsbyporten.



Kirka og skolen i Kalinji.

Vi kjører videre gjennom en te-plantasje. Det er tebusker så langt vi kan se både til høyre og venstre. Noen damer plukker te-blader. De har hver sin korg på ryggen hvor de legger bladene nedi. Lenger framme vannes tebuskene. Vannstrålene skytes høyt til værs akkurat slik de gjør på gulrot-åkrene på Brusand når det er tørt. Veien går gjennom en te-plantasjelandeby. Det ser fattigslikt ut. Bambus hus. Noen med strå på taket. Andre med bølgeblikk. Det siver røk ut. Noen koker middag. Det er nok ris som kokes på åpen grue. Vi kjører forbi et hindu-tempel. Det står tomt. Noen barn leker utenfor.

Så kommer vi til et jungelområde. Det er store trær og kratt på begge sider av veien som nå har blitt smal. Noen år tidligere var det bare en sti her. Da måtte vi spasere siste stykket inn til khasilandsbyen, - men nå går det an å kjøre med denne trehjulingen. Vi kommer til ei bru. Ei bambus-bru. Det er ikke mye vann i elva nå i tørketiden, men det er mange meter ned og brua ser skral ut. Solvor og jeg foretrekker å spasere over brua. Etter oss kommer kjøretøyet vårt. Det går bra selv om det knaser i bambusen. Vi passerer to slike bruer til, - og så er vi framme ved Kalinji-landsbyen. Nesten to timer tok kjøreturen fra misjonsstasjonen i Brahmanbazar og hit.

Utenfor landsbyporten står flere khasier for å ta imot oss. Noen nysgjerrige barn, men her er også noen voksne. Deriblant Samuel. Menighetslederen. Vi ønskes varmt velkommen og vrenger av oss ytterjakkene. Det er varmt nå. Sola steiker. Så bærer det gjennom landsbyporten og opp trappene. Mange trappetrinn. Jeg teller dem: 260. Halvveis opp må vi ta en pause og puste på mens vi samtidig hilser på folk. Khasienes skikk er å håndhilse og si «Khublei». Det blir mange «Khublei» opp trappene. Vi blir geleidet inn til landsbysjefens hus på toppen av landsbyen. Det blir gledelig gjensyn og mange smil. En ungdom henter en bambusvifte og han får i oppdrag å svinge den foran våre svette ansikter.

Snart kommer tekopper på bordet og kjeks-pakkene bytter eier. Men før te-måltidet starter folder vi hendene i bønn.

Drøset går godt. Vi får høre hvordan de har det. Hvordan arbeidet i menigheten går. Om hvor mange som er med i bibelgruppene. De forteller om skolen i landsbyen og alle barna på klassetrinnene 1-5. Og de forteller om mange ungdommer som går på Normisjons og kirkens internatskoler flere mil unna. Vi får også høre om to av våre venner som er døde siden sist vi var på besøk. Og vi blir bedt om å besøke de etterlatte.



Nyskrevet velkomstsang fremført for oss ved møtestart i kirka.



Representanter fra de to vennskapsmenighetene: Kalinji og Varhaug.



Menighetsleder Samuel sammen med kone og datter. Han var invitert hit til Varhaug i år. Besøket er utsatt til neste år på grunn av sjukdom.



Kalinji-menigheten foran sitt kirkebygg.

Noen ligger syke i sine hus. Navn nevnes og vi oppfordres til sykebesøk hos dem.

Slik går dagen. Hilse på folk. Be for familier og syke. Glede seg over en menighet i vekst. Og drikke flere kopper te,- både med melk i og uten melk.

På ettermiddagen ringes det til møte i kirka. Kvinnene sitter på venstre side og mennene på høyre. På den ene veggen i kirkebygget henger et stort innrammet bilde av Varhaug kyrkje på Odland på Jæren. Det er Kalinji-menighetens vennskapsmenighet, som de ber for hver søndag. Sangen lyder kraftig under møtet i kirka, selv uten musikk-følge. Ungdommene i Kalinji fremfører en velkomstsang for oss fra Varhaug. De har selv skrevet teksten og fremfører kor-sangen ved åpningen på møtet.


Når møtet er slutt ber jeg alle om å stoppe igjen like utenfor kirkebygget, - for å bli fotografert. Deretter inviterer menighetslederen, Nait, Solvor og meg på rismåltid. Det kjennes nokså sterkt ut i norske goner, men det smaker fortreffelig!

Så er det tid for å si farvel. Menighetslederen ber en bønn for oss og reisen vår. Og han ber for vennskapsmenigheten på Varhaug.

Snart er vi i på vei tilbake til misjonsstasjonen. Mørket faller på. Vi holder oss fast i trehjuls-scooteren på den humpete veien og kommer trygt fram til Brahmanbazar, hvor vi har vår base og vårt overnattingssted. Og når vi omsider kryper inn under myggnettet i sengene våre takker vi Gud for en innholdsrik dag på besøk i vennskapsmenigheten vår.



Solvor sammen med khasidamer i Kalinji.



ANAFORA

- EIT KRAFTSENTER FOR KRISTNE I EGYPT

Tekst og Foto: Siri Aarsland

I slutten av april var eg på studietur til Egypt. Da var vi først nokre dagar i Kairo der vi såg pyramidane, var på museum og såg mumiene, besøkte kyrkjer og Mama Maggi sitt arbeid i søppelbyen.

Det er fascinerande å sjå kor langt framme egyptarane var for fleire tusen år sidan, alt dei hadde utvikla av instrument innan til dømes astrologi, legevitenenskap og måleinstrument til ulike typer berekningar.

Forteljinga om da Jesus, Maria og Josef flykta til Egypt var sentral i kyrkjene vi besøkte og viktig for dei kristne i Egypt + bilder

Det gjorde sterkt inntrykk å sjå arbeidet som Mamma Maggi driv i den delen av Kairo som kalles søppelbyen. Mange av dei som bur i denne fattige delen av Kairo hentar søppel på natta, sorterer søppelet om dagen og så vart det solgt vidare ferdig sortert som papp, metall, plast. Å høyre og sjå korleis dei møtte ungane og kva dei gjorde for familiane som bur i denne fattige delen av Kairo var imponerende.

Vi var på Anafora i tre dagar og det var veldig inspirerende å vere der. Det er Biskop Thomas som har bygd opp dette senteret som består av eit velkomstsenter, ein undervisningsdel og eit retreatsenter.

På velkomstsenteret var det blant anna ei kyrkje som heitte Oppstandelseskyrkja, Det var ei veldig stor kyrkje som var bygd delvis under jorda fordi den ikkje skulle sjå så stor ut. Det var malt flotte bibelforteljingar overalt på vegger og tak. Det var overveldande å kome inn i kyrkja og sjå alle bibelforteljingane malt i klare og sterke farger og tydelige motiv. Vi møtte ei finsk dame som hadde hovedansvaret for å dekorere kyrkja med alle desse bibelforteljingane, med god hjelp frå andre. Vi fekk vera med på to gudstenester, den eine gudstenesten var avslutninga av fastetida og den andre gudstenesta var på palmesøndag. Dei ortodokse har både jul og påske litt etter våre feiringar.

Vi møtte Biskop Thomas da vi var på Anafora og fekk ein samtale med han. Det var veldig interessant og inspirerende å snakke med han. Anafora ligg i ørkenen mellom Kairo og Alexandria. Biskop Thomas sitt bispedømme er lengre sør i Egypt, så han er ikkje alltid på Anafora. Han prøvde å bygge dette senteret i sitt eget bispedømme, men det ble ødelagt, så han fant ut at det var betre å bygge det lengre nord i landet.

Bispedømmet til Thomas er i ein fattig del av Egypt og ungdommer fra hans bispedømme kjem til Anafora av ulike grunner. Det kan vere for å få seg ei utdanning, for å jobbe nokre månader



Biskop Thomas taler på gudstenesten



Bønnekapellet med mye symbolikk



Det var rett før påske da vi var der, så da sette dei fram dette korset



Gudsteneste i oppstandelseskirkja

og få arbeidserfaring, tene penger og for å oppleve eit fellesskap som kan bære dei gjennom krevande perioder i livet.

Vi møtte og ei nonne som arbeidet på Anafora, ho heite Ilonia og var bygningsleder på Anafora og hadde ansvar for å alle bygningae på området. Ho sa at det var ikkje alltid lett å vere leder for gutter og menn, men etter kvart så hadde ho fått respekt og dei lytta til det ho sa og gjorde slik ho sa.

Tanken til Biskop Thomas er at Anafora skal vere eit senter der egyptiske kristne kan kome saman og oppleve fellsskap, difor vert Anafora omtalt som eit kraftsenter for kristne i Egypt. Det skal vere ein stad der dei kan møte kristne frå andre steder i verda og oppleve at dei er ein del av ei verdsvid kyrkje.

Det er viktig for Biskop Thomas å få alle mennesker til å forstå at de er skapt og elsket av Gud, Han seier sjølv at hans

viktigste oppgave som biskop er å løfte andre opp og det gjer han gjennom både ord og praktisk handling, både åndelig og materielt. Han er og opptatt av at barn og unge skal få trosopplæring, det er viktig å føre barn og unge inn i kristne tradisjoner og fellesskap, slik at dei veit kven dei trur på og med stolthet kan seie at dei er kristne.

Det var mange besøkende på Anafora og ein kan reise dit på eigenhånd om ein vil. Vi møtte ei svensk jente som skulle vere i tre månader og ein tysk gut som skulle vere eit heilt skuleår som frivillig medarbeider.

Dagane på Anafora gjorde inntrykk og satte spor. Det var så god atmosfære, rolig, enkelt og estetisk fint, mange detaljer og mange fine fotomotiv. Eit bilde seier meir enn 1000 ord, men samtidig er det mykje som ikkje kan formidles gjennom bilde,



Biskop Thomas er ein vis mann



Noas Ark og andre bibelske bygg så vi på Anafora

noko må berre oppleves. Anafora er ein stad som må oppleves. Å møte kristne egyptere, feire palmesøndag saman med dei og snakke med Biskop Thomas setter spor og gir mange tanker som eg tar med vidare. Vi har mykje å lære av dei kristne i Egypt ein ting er IOTA korset. Dei har tradisjon med å fargelegge korset og fargane symbolisere ulike sider ved den kristne trua. Det er noko eg skulle ønsket vi hadde begynt med i Norge, når vi fargelegger korset får vi fram alt det som korset rommer og symboliserer.



Kveldsbønn på mange ulike språk



BIBELSELSKAPET AKKURAT GITT UT EI BOK SOM HEITER «IOTA KORSET MEDITASJON OG FARGELEGGING»

Bibelselskapets omtale av boka: Kan det å fargelegge et kors gi meg innsikt i hvem jeg er, hvordan jeg har det og hva jeg lengter etter? Kan denne meditasjonen vise meg hvor Gud finnes i livet mitt?

Å fargelegge iotakors er en måte å bli bedre kjent med seg selv og med Gud på. Ulike spørsmål og følelser knyttes til hver farge. Det handler ikke om å bli fortest ferdig eller å fargelegge pent. Det er selve prosessen som er målet. Iotakorsmeditasjon bygger på den over tusen år gamle koptiske kirkens tradisjon med å male iotakors.



JENTA I DEN ROSA BALLKJOLEN



I Sentral-Asia: Alf Helge

Den vesle jenta i den rosa ballkjolen gjorde det hun kunne for å tiltrekke seg oppmerksomheten til de fem gjestene som kom fra et land langt borte. Og oppmerksomhet fikk 5-åringen Alina* der hun danset rundt på golvet i kirkesalen hvor det for anledningen var dekket et langbord med mye god mat. Smilende og lykkelig uvitende om det dramaet som startet den dagen faren og mora hennes bestemte seg for å dele livet sammen. Et ekteskap mellom dem ville foreldrene til den kommende bruden forhindre for alt i verden. De var nemlig muslimer, og han var en kristen pastor.

Sabina

Alinas mor, Sabina*, kom fra en velstående muslimsk familie. Faren var arkitekt, mora lege. Som 16-åring besøkte Sabina en kirke. Her var spill og aktiviteter, alle var hyggelige, og de drakk ikke. De var annerledes, og hun trivdes. Foreldrene hindret henne ikke i å gå dit, men de ga uttrykk for at de ikke regnet med at det ble «noe seriøst». Etter hvert gikk hun til kirka hver søndag, noe som gjorde dem oppbrakte. Søndager var familiedager. Da skulle man være sammen med familie og venner, ivareta forholdet til slekta, klanen.

Den vonde drømmen

Sabina gikk i kirka, men var fremdeles muslim. En natt drømte hun at faren ble alvorlig syk, at han fikk hjernesvulst. Det var ikke første gang hun hadde hatt lignende drømmer, men denne gangen fikk hun beskjed om at hun måtte be, ellers ville faren ikke overleve. Faren ble virkelig alvorlig syk, så syk at han begynte å skrive testamente, skrive ned passord og ordne andre praktiske gjøremål. Sabina begynte å be, og hun ba også ungdomspastoren i kirka, Aleksandr*, om å be for faren. Og faren overlevde, med kun noen mindre helsemessige utfordringer. - Jeg erfarte hva bønn er og at jeg trengte Gud i livet mitt, sier Sabina. Hun ble stadig mer aktiv i kirka. Etter et par år begynte hun å treffe ungdomspastoren ganske ofte; det var en del bibelske spørsmål hun måtte få svar på. «Litt fordekt flørt» kaller hun det i dag.

Dåpen

Som 20-åring ble Sabina døpt. Foreldrene var sjokkerte. Dåp blir sett på som det endelige farvel til fedrenes tro, det endelige tegnet på konvertering. Familie, slekt, venner og samfunnet ellers vil motsette seg dette, og staten ser på det som en fiendtlig handling. Bedre ble det ikke da Aleksandr, som er russisk, noe senere skulle presenteres for foreldrene. Sabinas mor gjorde det helt klart at han ikke var velkommen i familien. - Du passer ikke inn i vår familie, var hennes klare melding. De var ikke hyggelige mot ham, og nærmest sparket ham ut. - Jeg skal be for dere, sa Aleksandr på vei ut dørene. - Be heller for deg selv at Gud må gi deg hjerne, repliserte faren.

Vanskelige bryllupsforberedelser

Tiden som fulgte, var svært vanskelig. Sabinas foreldre opplevde at hun hadde brakt skam over familien, at hun hadde satt familien sin i en fryktelig situasjon. De hevdet at mange ikke ville ha noe med dem å gjøre lenger og mente at hun måtte være hjernevasket. Hvordan kunne hun gjøre dette mot dem, så mye som de hadde investert i henne? Ved en anledning ble Aleksandr slått ned av Sabinas bror. Så vanskelig ble det at Sabina måtte sette forholdet til foreldrene på pause i to år. En onkel fungerte etter hvert som en megler i det vanskelige forholdet og bidro til at det kunne gå mot bryllup. Men 2-3 dager før bryllupet møtte foreldrene, alle brødrene, tanter og onkler opp på arbeidsplassen hennes i et siste forsøk på å få henne til å ombestemme seg. Men det gjorde hun ikke.

Hva nå?


Dette er ikke en historie med lykkelig slutt når det gjelder forholdet mellom ekteparet og brudens foreldre. Aleksandr er fremdeles ikke godtatt av familien. Dette stikker dypt. Men de har en viss kontakt. Håpet og bønner er at barnebarnet skal mildne mormor og morfars steile holdning. Hun har tatt seg en velfortjent pause mens mamma har fortalt. Det ble en lang pause. Det som er tatt med her, er bare noen av opplevelsene fra denne tida. Men nå er den vesle jenta klar for nye dansetrinn i sin rosa ballkjole. Til gjestenes begeistring.

Ex-kriminell og pastor

Mye annet kunne vært fortalt fra reisen til landet i Sentral-Asia, ikke minst flere sterke personlige historier fortalt av flere av dem vi møtte. Som Almas, en svær kar som ble dømt til 19 års fengsel for kriminell virksomhet. Han fant et nytestamente i fengslet, ble kristen og fikk flere medfanger med seg. Så mange at han flere ganger ble flyttet til nye fengsler. I dag er han pastor i en av landsbyene vi besøkte. Eller den 11 år gamle jenta som ble alvorlig syk og til slutt sendt hjem fra sykehuset for å dø på grunn av ødelagte nyrer. Et kristent ektepar ble hentet for å be for jenta. Lenge så det ut til å gå mot slutten. - Men hun lever, smiler Razan, søskenbarnet til jenta. - Hun bor her i byen og har i dag to barn! Vi kunne fortalt om lover som blir stadig strengere når det gjelder religionsutøvelse. Om husmenigheter som er forberedt på å bli raidet og derfor lar det se ut som et fødselsdagsselskap når de kommer sammen. Evangeliet til folket og folket til kirka

Når historien om den lille pastorfamilien har fått størst plass, er det fordi at i dette landet er det presset fra familie, slekt og venner som er den største belastningen for de kristne. Det vi sitter igjen med etter besøket, er et sterkt inntrykk av menigheter som har et oppriktig ønske om å bringe det gode budskapet til menneskene de møter, og som på tross av restriksjoner finner kreative måter å nå dem på. Betegnende i så måte er en virksomhet vi besøkte. Den hadde som motto: Evangeliet til folket, folket til kirka.

*Alle navn er endret av sikkerhetsårsaker



FRÅ MAKT TIL RETT- KRISTENRETTE OG MOSTERTINGET I 1024

Tekst: Jens Olav Mæland

I år feirer me at det er tusen år sidan «Kristenretten» blei innført i landet vårt. Det skjedde på Bømmeløya, på Moster. Det var Olav Haraldsson og den lærde biskop Grimkjell som la fram dette rettsdokumentet, men stormennene som var samla der, måtte godkjenna det. Det er ikkje urimeleg å forstå denne hendinga som startskotet for ei gjennomgripande omforming av samfunnet. Ved dette vedtaket fekk kristendommen for alvor innpass i folket og blei det normgrunnlaget som skulle regulera dei fleste sidene ved livet. Vedtaket bestod i forbod og påbod, det var den ytre åtferda som blei endra, medan trussanningar og lærespørsmål var underordna. Difor er det vanleg å seia at det var eit sedskifte som fann stad. Ei ny livstolking og nye skikkar skulle avløysa det norrøne heidenskapet si livstolking og livsutfalding.

Olav Haraldsson var truleg fødd litt før 995. Hans slekt heldt til i Viken der faren var «småkonge». Olav drog tidleg ut på vikingferd, først i Østersjøen og så i «vesterveg» - til England, Irland, Normandie og Spania. På slike ferder gjorde dei strandhogg, drap dei som kom i vegen for dei - og ikkje minst plyndra dei og samla seg dyre skattar i sølv og gull. Dei kom også i kontakt med kristne kyrkjer og fleire kloster, og somme let seg overtala til å gå over til den kristne trua. Olav blei fascinert av den kristne trua, og blei døypt i Rouen i Normandie då han var i hertug Rikhard si teneste, truleg i 1014. Då han bestemte seg for å dra attende til Norge, hadde han klart for seg eit program om å bli konge og samstundes bidra til kristning av landet. Folket her var rekna for å vera primitivt og hardt, trass i fleire kristningsforsøk tidlegare, mellom anna av Håkon den gode (ca 945-960), og Olav Tryggvason (995-1000).

Olav med si hird kom til landet i 1015 og tok til i Viken. Han gjekk ikkje lempeleg fram. Først vann han over småkongane

som hadde makta i Opplanda, og deretter sigra han i kystområda gjennom slaget ved Nesjar (Brunlanes). Dei store høvdingane langs kysten bøygde seg etter kvart og blei kongens lendmenn.

Olav hadde heile tida med seg biskop Grimkjell og ein flokk prestar, som blei innsette ettersom kristningsverket fekk inngang. Etter å ha fått gjennomslag i Trøndelag, der det var mange profilerte stormenn, drog han sørover langs kysten. Snorre fortel at kristningsverket skjedde under stor motstand. Om denne ferda sørover langs kysten, fortel Snorre:

«Han stanset i hvert fylke og holdt ting med bøndene. På hvert ting lot han lese opp kristenloven og de bud som hørte til den. Han gjorde straks ende på mange uvaner og mye hedenskap hos almuen, for jarlene hadde holdt gammel lov og landsrett, men kristendommen hadde de latt hver gjøre med som han ville. Så var det blitt slik at det i sjøbygdene var folk døpt nesten over alt, men kristenloven var ukjent for de fleste; og i avdaler og fjellbygder var folk helt hedenske mange steder.»

MOSTERTINGET 1024

Tusenårsfeiring av «Kristenretten» på Moster er altså ikkje feiring av eit særtiltak. For denne retten blei lesen og understreka med alt det mynde kongen og biskopen hadde ved tingsamlingane der dei møtte stormenn, lendmenn og andre som ville vera lojale mot kongen. Når tinget på Moster likevel skil seg ut som eit ting som fekk eit særleg gjennomslag, kan grunnane vera desse:

Her hadde Olav Tryggvason gått i land og halde messe i 995 då han kom frå England for å bli konge i Norge, og samstundes kristna folket her. Derest: På Moster var det mogleg å samla stormenn og lendmen frå eit større område, som kunne leggja rettsforslaget fram for Gulatinget der kristenretten kunne

godkjennast som gyldig for heile Vest-Norge. I dei eldste utgåvene av Gulatingslova er Mostertinget nemnt fleire gonger. I 1176- etter at Magnus Erlingsson blei krona - blei det lagt til ymse tillegg. Dette er gjort greie for av Professor Knut Robberstad i «Gulatingslovi» (1937 /81) der han skil mellom Olavs og Magnus-tekst.

Frostatingslova viser også fleire gonger til Mostertinget, medan Borgartingslova ikkje har ei slik tilvising. Heller ikkje Eidsivatingslova. Snorre, som skreiv sin saga - særleg om Olav Haraldsson – ca 1250, nemner ikkje Mostertinget spesielt, men han nemner mykje som er i tråd med dei vedtaka som blei gjort der.

INNHALDET I KRISTENRETTE

Kva var så innhaldet i «kristenretten»? Det er då naturleg å gjengje innleiinga i Gulatingslova, for den angir ramma om det heile, og var ei avvising av den gamle norrøne heidendomen der dei i uvisse vende seg mot nord til lunefulle «gudar» og makter, men utan håp bak død og grav. Især var bloting ei inngrodd handling:

«Det er opphavet til lovene våre at me skal bøya oss mot aust og be til Kvitekrist om godt år og om fred, at me må halda landet vårt bygt og landsherren (kongen) vår ved helse. Han vere vår ven om me hans vener, og Gud ven til oss alle».

Så følgde ulike forbod og påbod, - med omtale av plikter og rettar på ulike livsfelt.

Forbod: All heidensk gudsdyrking skulle bort, så som bloting, framstilling av gudebilete og offerstader (hovet og kulten knytta til det)! Også seidekunst og trolldomsverksemd. Det blei også forbode å setja ut uønska barn for å dø. Vidare blei det forbode å gifta seg med nære slektningar, samt skilsmisse utan grunn. Ein skulle berre ha ei kone, og kvinna måtte samtykkja ved giftarmål.

Dette medførte ein total omsnunad på ein praksis som hadde vore vanleg i fleire hundre år, og som prega kvardagen og identiteten i det norske ættesamfunnet, der skam og ære dominerte. Endringsprosessen tok nok lang tid.

Påbod: Ein skulle byggja og halda ved like kyrkjer og kyrkjegardar i heile lagdømmet så det kunne haldast regelmessige gudstenester og dei døde kunne få si grav i vigsla jord. Ein skulle skaffa prestar og gje dei underhald. Det var biskopen og folket sitt ansvar. Alle barn skulle døypast i rimeleg tid etter fødsel. Dessutan skulle ein halda helg med søndagen som heilagdag. Kvart år skulle ein træl gjevast fri frå kvart fylke. Ei rekke fastedagar blei vedtekne etter kongens og biskop Grimkjell sitt framlegg. Dersom ein drog seg unna det som var føreskrive, måtte ein betale bøter.

Kongen - i forståing med lendmennene - oppretta eit nytt «kors», oftast kalla «årmenn», til å utføra dette oppdraget. Det kunne dreia seg om reine straffebøter, eller bøter for mindre lovbrøt - eksempelvis at ein skulka oppmøte til gudsteneste eller fasteplikta. Dessutan måtte ein betala for kyrkjelege tenester frå presteskapet. Den nye livsmåten medførte ny økonomi!

VERKNADENE AV MOSTERTINGET

Mostertinget blei starten til ei omforming av heile det norske samfunnet. Kristen rett og sed fekk no eit aukande gjennomslag. Dei fleste område av livet blei prega av kristendommen. Frå fødsel til død blei livet ramma inn av det nye. Det var dei ytre livsformene som blei endra. Kva som skjedde på det indre planet, er usikkert. Retten fekk no større vekt enn makta. Det gamle ættesamfunnet der hemndrap var legitimt, blei no bytt ut med ei ny rettsforståing som hadde menneskeverdet som førande verdi. Det er difor all grunn til å feira denne hendinga, sjøl om det er mykje som er usikkert kring dette tingmøtet. No var kristendommen på veg til å bli heile folket sin hjørnestein. Det skjedde især gjennom Magnus Lagabøter si landslov i 1274.

Litteratur til utdjuving:

Skeie, Tore: Hvitekrist, om Olav Haraldsson og hans tid, 2018.

Robberstad, Knut: Gulatingslovi, 1937/81. Helle, Knut: Gulatingslovi og Gulatingslova, 2001.

Wisløff, Carl Fr.: Norsk kirkehistorie, bd.1, 1966.

Snorres Kongesagaer, bd.1, 1979. Øyrehagen Sunde, Jørn: Kongen, Lova og Landet, 2023.

Vegen tilbake til Gud

«For så elska Gud verda at han gav Sonen sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv!» (Joh. 3,16)

Bøn:

Jesus, du veit om mine feil og nederlag. Eg trur at du er Guds son som døydde på krossen. Kom inn i livet mitt og gjer meg til eit Guds barn. Eg tek imot deg akkurat nå som min Herre og Frelsar. Eg tek imot di tilgjeving for syndene mine.

I Jesu namn - Amen



MARKENSGUDSTENESTE

Tekst og foto: Turid Boganes

Første helga i juni samla næringsforeninga på Varhaug bygda til Varhaugmarken. Eit program spekka med aktivitetar for både den sportslege, den motorinteresserte, den musikkglade, den som er veldig glad i farse og den som er meir glad i grillmat. Bedrifter, lag og organisasjonar var saman om å laga tre dagars bygdefest og det lukkast dei med!


Saman med Sentrum menighet hadde Varhaug kyrkje stand på marken. Her kunne du koma å slå av ein liten drøs over ein gratis kopp kaffi og ein rykande fersk lappe. Det var quiz med flotte premiar og slikkepinnekonkuranse for barna. Mange kom innom standen noko som viste igjen i kor mykje kaffi og lappar det gjekk med: 25 liter kaffi, lapperøre av 14 liter surmelk og 84 egg.

Sundag samla Varhaug kyrkje og Sentrum menighet seg til gudsteneste ute i teltet på marknadsplassen. Her stod det benker og bord igjen etter konserten som Stasjoen Pub hadde med Buserulls på laurdagskveld. For oss var det berre å fylla teltet med folk. Per Sigve Særheim preika for oss, dansegruppa Gloria dansa, Kathrine Håland Varhaug, Astrid Varhaug, Knut

Harald Håland og tre gode jenter leia oss i allsangen saman med Sverre Undheim på tangentar. Det var annonsert at folk kunne ha med eigen grillmat og at det ville være varme grillar etter gudstenesta. Då Reidar Skretting kom i snakk med oss under gudstenesta såg han at mange ikkje hadde grillmat med så han henta ein del pølser og pølsebrød i slaktarbutikken som folk kunne få gratis. Johannes Bø fann «tynne pølser» på Spar til dei ungane som ikkje er så glade i pølsene frå R.Skretting. Mange stoppa igjen og drøste etter gudstenesta og tilbake-meldingane var at dette var utruleg kjekt. Tenkt å få samlast på tvers av kyrkjelydande og sjå kor mange som faktisk går til gudsteneste sundag føremiddag kl. 11.00.

Me sit og igjen med ein takknemlegheit over den velviljen kyrkja og Sentrum menighet har blitt møtt med hos komiteen for marken når me annonserte tanken om Markensgudsteneste. Og ikkje minst det samarbeidet me har hatt med både R.Skretting, Stasjoen Pub og Spar i gjennomføringa av gudstenesta.

Dette er bygdeliv på sitt beste!



INVITASJON TIL TRUSOPPLÆRING

Har du eit barn som ikkje er medlem i Den norske kyrkja (Dnk), men ønskjer invitasjon til trusopplæringstiltaka i kyrkjene våre?

Til mange trusopplæringstiltak i kyrkja vert det sendt ut invitasjonar til alle medlemmane som er i aldersgruppa tiltaket er for. Me veit at det er fleire barn i bygdene som ikkje er medlemmar av kyrkja, som likevel ønskjer å delta på det som skjer. Alle er hjerteleg velkomne til å delta på våre arrangement, uansett om ein er medlem eller ikkje!

Før fekk alle barn av foreldre som var medlemmar av Dnk òg brev i posten - dette vart kalla tilhøyrige, og desse navna vart sletta frå kyrkja sine register ved fylte 18 år. Etter ei endring i lova, vart registeret over tilhøyrige barn sletta 1. januar 2021, og desse vil ikkje lenger få direkte invitasjonar frå kyrkja. Det betyr ikkje at dei ikkje er velkomne til å delta på våre arrangement.

Har du eit barn som ikkje er medlem, men ønskjer invitasjon til trusopplæringstiltaka? Då kan du logga deg inn på Mi side til kyrkja sitt digitale medlemsregister (<https://www.kirken.no/nb-NO/om-kirken/minside/>) og føra ditt barn opp. Me kan ikkje senda invitasjonen til ditt barn, men invitasjonen vil gå til deg som føresett. Melder du flytting til ein anna stad i Noreg vil denne informasjonen automatisk bli overført til kyrkja der du flytter til!

Er du som forelder heller ikkje meldem av Den norske kyrkja kan du framleis melda barnet ditt på for å få informasjon om trusopplæringstiltak der du bur!

Du kan sjølv sagt og sletta den informasjonen som er om deg og ditt barn når du sjølv ynskjer det.


For spørsmål, eller hjelp til registrering, ta kontakt med kyrkjekontoret på telefon 51 43 62 10 eller e-post.

OPPSTART AV AKTIVITETAR

Det er med årsrytmen som med dagsrytmen - ei tid for kvile og ro, ei tid for aktivitet. Etter ei roleg sommarstid tek me no til att med aktivitetane i kyrkjelyden.

